



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/3258-2

21. juni 2023

Spørsmål nr. 2544 frå stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad til finansministeren

Eg viser til brev av 14. juni 2023 frå Stortingets president med oversending av spørsmål nr. 2544 frå stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad. Spørsmålet er stilt til finansministeren, men er oversendt kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik som rett statsråd.

Spørsmål

Kan statsråden gi ei oversikt over kva budsjettmessige konsekvensar Høgre sitt alternativ til revidert nasjonalbudsjett vil ha per fylkeskommune?

Grunngiving

I sitt alternativ til revidert nasjonalbudsjett gjer Høgre framlegg om å kutte i overkant av 2 milliarder i kommunesektoren. Det er gjennom budsjetta til kommunene og fylkeskommunene mange av velferdstenestene våre vert finansierte. SV ber diror om ei oversikt over kva for økonomiske konsekvensar Høgre sine kutt i partiet sitt alternativ til Revidert nasjonalbudsjett for 2023 vil ha å seie for landet sine ulike fylkeskommuner, sett opp mot forslaget frå SV og regjeringa.

Svar

Tabell 1 viser fordelinga per fylkeskommune av forslag til kutt i Høgres alternative budsjett for revidert nasjonalbudsjett 2023. For somme av sakene manglar departementet informasjon om korleis kutta er tenkt innretta, og det har derfor vore naudsynt å lage overslag ut frå visse føresetnader.

Tabell 1 Overslag på fylkesfordeling av kutt i Høgres alternative budsjett, RNB 2023. Utvalde saker. Tal i mill. kroner

Fylke	Gratis ferje	Kompensasjon prisvekst	Tannhelse-reform	Ekstraordinære konsesjonskraft -inntekter	Nærings-utvikling	Sum
	Kol. 1	Kol. 2	Kol. 3	Kol. 4	Kol. 5	Kol. 6
Viken	-2,9	-210,7	-85,7	0,0	-5,9	-305
Oslo	0,0	-106,3	-59,8	0,0	-3,4	-170
Innlandet	-0,6	-78,1	-27,1	0,0	-11,6	-117
Vestfold og Telemark	-3,2	-76,7	-29,2	0,0	-5,8	-115
Agder	-1,0	-62,1	-25,6	-34,9	-4,6	-128
Rogaland	-8,9	-97,4	-37,2	-6,5	-3,6	-154
Vestland	-17,9	-149,9	-54,4	-13,6	-14,5	-250
Møre og Romsdal	-12,3	-71,2	-20,0	0,0	-8,6	-112
Trøndelag	-5,0	-104,8	-43,0	0,0	-11,7	-164
Nordland	-31,0	-73,4	-17,5	0,0	-14,6	-137
Troms og Finnmark	-12,2	-69,4	-20,5	0,0	-15,6	-118
Sum	-95	-1 100	-420	-55	-100	-1 770

Kol. 1: Erstatte gratis ferje på fylkesveg med låg ferjetakst (kap. 572 post 60, -95 mill. kroner):

Fylkeskommunane får i 2023 til saman 180,8 mill. kroner for å kunne innføre gratis ferjer på trafikksvake samband og til samfunn utan vegsamband til fastlandet. Høgre foreslår å avvike ordninga og erstatte den med låg ferjetakst. Departementet kjenner ikkje til korleis ordninga med låg ferjetakst er tenkt innretta. I tabellen er det lagt til grunn at kuttet på 95 mill. kroner vil bli fordelt etter fylkeskommunane sin del av løyvinga til gratis ferjer.

Kol. 2: Kutt i auke i frie inntekter (-100 mill. kroner) og kutt i kompensasjon for auka prisvekst (-1 mrd. kroner). Eingongstiltak (kap. 572 post 60)

Styrking av dei frie inntektene og kompensasjonen for auka prisvekst er i forslaget frå regjeringa fordelt etter samla kostnadsnøkkel. Kuttet er fordelt mellom fylkeskommunane på same måte.

Kol. 3: Tannhelse reforma – avvikling av ordninga for aldersgruppene 21–24 år (kap. 572 post 60, -420 mill. kroner)

Kuttet er fordelt mellom fylkeskommunane etter talet på innbyggjarar i aldersgruppa 21–24 år.

Kol. 4: Ekstraordinære konsesjonskraftinntekter (kap. 572 post 60, -55 mill. kroner)

Trekket i rammetilskotet til fylkeskommunane for konsesjonskraft baserer seg på at 90 pst. av dei anslåtte verdiane utover ein gjennomsnittspris på 70 øre/kWh blir trekt inn, samtidig som 100 øre/kWh blir sett som tak ved utrekning av trekket i dei tilfella fylkeskommunane skulle ha inngått fastprisavtalar til ein høgare pris.

Om dei faktiske prisane frå dei inngåtte fastprisavtalane i staden hadde blitt lagt til grunn for trekket og alt over 70 øre/kWh hadde blitt trekt inn, ville trekket ha utgjort 55 mill. kroner meir

for fylkeskommunane enn forslaget til regjeringa. Denne reduksjonen i rammetilskotet på 55 mill. kroner ville ha fordelt seg mellom fylkeskommunane som vist i kol. 4.

Kol. 5: Kutt i tilskot til mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling (kap. 553 post 61, - 100 mill. kroner)

Kuttet er fordelt mellom fylkeskommunane etter same fordelingsnøkkel som er brukt til å fordele midlane i statsbudsjettet.

I tillegg har Høgre foreslått eit kutt på 8,467 mill. kroner i kap. 541 post 60 til breiband, eit kutt på 28,854 mill. kroner i kap. 553 post 60 bygdevekstvtalar og eit kutt på 204,669 mill. kroner i 573 post 62 i kompensasjon for delingskostnader for fylkeskommunane. Desse kutta er ikkje fordelt på dei ulike fylkeskommunane.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik